

# Prins Pedro

Det er Pedro Carmona-Alvarez sin haust i haust. I år òg.

Tekst og foto:  
Mette Karlsvik

Ikkje ta av deg skorne. Eg vaska nettopp golvet, seier Pedro Carmona-Alvarez, og går framfor meg inn i husværet sitt i andre etasje av Strandgaten 84.

Han tråkkar sjølvikker og heimekjend gjennom ein kolmørk og trong entré. Eg snublar i noko som må vere skor, og inn på kjøkkenet. Der er golvet ope som havet, og luktar såpe. Eg vassar over det med bergensvåte føter, og ventar medan Pedro lagrar arbeidet han dreiv med før eg kom. Han er i *korrektur-hælvete*, som han kallar dei siste rundane med den 300 siders essaysamlinga si. Boka er ute no. Det same er soloalbumet under artistnamnet Moonpedro, og siste plata med bandet hans, Sister Sonny, og *Signalen 2006*, som Pedro har redigert. Han hadde om lag same produksjon året før òg. Og året før det. Pedro har vore redaktør i Vagant, har halde kurs for skriveskuleelevar, *poesiaksjon* på Folkebiblioteket, *låtsskrivekurs* på AKKS, reist på turnear med bandet, og har sikkert hatt ei mengd andre prosjekt som eg ikkje veit om.

*Travleste fyren eg vet om*, skriv Henning Bergsvåg om Pedro på nettsidene til Bergen Offentlige Bibliotek. På bokhylla over sofaen står puter. Bøker står på kjøkkenet eller i vindaugskarmen. Vindauget er ope mot uteborda til Kafé Dromedar.

– Så her bur du i...

– Bråket, seier Pedro, som berre veker tidlegare flytta frå rolege Ole Viigs gate og Møhlenpris til dette toroms husværet ein etasje over gågata i byen.

– Av ein eller annan grunn trur eg det er best å sitje på kjøkkenet, seier Pedro, og viser til spisebordet. Eg ser ikkje bordplata for berre ark.

– Det er noko eg og Gunnar Wærness driv med. Tekstar frå latviske forfattarar. Kan bli ein antologi, seier Pedro, samlar arka og legg dei til sida. Han fer opp att, set på ein kjele kaffivatn, og hentar briller og røykpakka. Han er ein rastlaus person. Men det er dette han gjer no. No blir han intervju. Det er dét no. Pedro set seg, blir stille og klår som Svartediket, og ventar kanskje på spørsmål som han kan klatre opp på og stupe frå. «Spørsmål» kan vere sport, spel eller leik.

– Kva er tilhøvet mellom leik og arbeid?

– Eg kosar meg når eg gjer ting, seier Pedro.

– Det er noko uforpliktande med det. Ein må vere veldig seriøs, men aldri sjølvhøgtideleg.

– Å vere ansvarleg mot det å leike seg – er det ein motsetnad der?

– Ja, kanskje. Octavio Paz sa at ungdommen er det einaste alvorlege livsstadiet der ein er i seg sjølv utan avstand, der det er nesten umogleg å ha avstand, og at ungdommen er staden der vi ikkje klarar å fortape oss i noko anna enn oss sjølve.

– Viss ein gjekk opp i leik som barn, så har det litt av dei same kvalitetane som å vere vaksen og fortape seg i arbeid. Det å leike er alvorleg, det òg. Ein har reglar og strukturar som ein må halde seg til. Men,

motsetnader? Jau, gjerne det, seier Pedro.

Han er vokalist i Sister Sonny, bandet som skal *finne opp seg sjølv på nytt for kvar plate*, som er spreidd over heile landet, men insisterer på å halde saman gjennom «band-øvingar» på e-post.

Pedro er viss på at kunst ikkje skal vere for gjennomtenkt, streng på at musikanane hans skal vere sølete, og har skrive *perfect is a fault* med korrekturlakk på gitaren sin.

*Chile/Argentina/Kolbotn, 1982/83: Familien Carmona-Alvarez flyktar frå Pinochet-regimet i Chile til Noreg via Argentina. Pedro byrjar i fjerde klasse ved Tårnåsen barneskole. Dei første månadene får han eineundervisning frå Tone Dyrdaahl Solbrekke.*

– Etter berre eit halvt år skreiv han eit foredrag om bakgrunnen sin, *Chile og revolusjonen som han framførde på norsk og akkompagnerte med gitar og politiske viser på spansk. Det var Pedro i eit nøtteskal, fortalde Solbrekke på telefon frå Oslo førre veke.*

» Eg veit veldig godt kva eg vil ha. Eg vil ikkje ha ting for gjennomtenkte

– Det er ikkje berre lett å kome som innvandrar til eit nytt land. Men eg trur dei var flinke til å snakke om ting i familien til Pedro. *Historia hans er ei solskinshistorie. Han hadde liksom alt med seg, og var søt, pen og smart. Han får til å bruke ressursane sine.*

*Café Opera, same veka som eg prata med Tone. Bassisten i Sister Sonny, Lars Christian Heintz, fortel:*

– Eg fann Pedro åleine i ein mørk, kald kåk utan straum og med ein TV som han knuste av kjærleikssorg.

*Heintz, som budde med Pedro i eit nedlagt, lydt kontorlokale i Nygårdsgata i fem år frå 1996.*

– Dama hadde kasta han ut. Eg hadde tilfeldigvis eit rom til han hos meg. Det var så mykje som skjedde i den tida. Mora blei sjuk og Pedro var på telefonen med ho heile tida. Det var Pedro som tok støyten av det. Han var blakk, men gav ut førsteboka si. *Vi delte dop, pengar, og ei stille forståing av at ein skulle setje på seg headset når den andre hadde med damer heim.*

– Var det det første møtet ditt med Pedro?

– Det var litt tidlegare i ei brakke med utleigesyklar. Pedro jobba der. *Eigentleg. Men sat mest heilt inst i brakka med hovudtelefonar over øyra, ein gitar i fanget og såg sint ut. No er han ikkje så sinna på verda lenger, har roa seg og har ikkje same suget etter rus. Han er framleis rastlaus på kreative ting.*

Eg spør Pedro om kvifor han lagar ting heile tida.

– Gjer ikkje alle det, då? Teknologien til å lage ting er tilgjengeleg. Alle eg kjenner, lagar ting.

– Eg lagar ikkje noko heile tida. Gjer andre ting også. Går søndagstur. Sym i Sentralbadet. Har da sjæreste, seier Kolbotn-guten.

Pedro framhevar ofte ideen om *stor produksjon*.

– Mengd... Eg har det sikkert litt frå Dylan. Eg har det sikkert frå det eg har lese om Proust. Korleis han jobba med manuset sitt; kvar gong han fekk korrekturar, så skreiv han så mykje i margen at setjarane blei heilt galne. Eg har alltid lika sånne verk som på ein måte er kaotiske. Eit band som heiter The Fall, til dømes, har gjeve ut 140 plater sidan 1979, og dei gjev ut alt frå reine studioplater til soveromdemoar, live-opptak, dårleg lyd. Eg likar å kunne gå meg vill i eit verk, finne sånne små, små forskuvingar, som til dømes hos Bob Dylan, at det går an å høyre seks ulike versjonar av same song og dei er litt annleis for kvar gang.

Å lage, det er arbeid, understrekar Pedro.

– Ei venninne av meg som er sosiolog, seier at det er ei merkeleg blanding, fordi eg har vakse opp som katolikk, men eg har ein jævli sánn herre protestantisk arbeidsmoral. Eg er oppteken av at folk må jobbe. Eg føler at viss eg først har valt å gjere noko som eg likar så godt, så er det rett og rimeleg å jobbe så mykje. Og eg likar å kome vidare heile tida, litt sánn som Hemingway seier: *Ja, det er ei daud løve*, ferdig. Sánn, så går ein vidare. Og ein leiter jo i seg sjølv og i verda etter eitt eller anna. Og så lagar ein eit hus av det som ein vonleg klarar å invitere lesaren inn i.

– Nokon skal finansiere huset. Det verkar ikkje som om det har vore noko problem?

– Kva meiner du? spør Pedro skarpt.

– Cappelen og dei som har gjeve ut platen dine. Du har fått lov til å gje ut...

– Fått lov og gjeve meg sjølv lov. Ein må ikkje gløyme det. Det er ingen som har gjeve meg noko som helst. Alt som eg har, har eg jobba for. Grunnen til at eg gjer dei tinga her, er at eg insisterer på at det har ein eller annan verdi.

Dei musikalske prosjekta til Pedro går ulike vegar.

– Moonpedro skal vere sølete, improvisert, lite polert, skranglete fordi Sister Sonny er så innmari gjennomarbeidd og uttenkt musikk, seier Pedro.

Han har blitt kalla *musikkens Ed Wood*. Wood var regissøren som laga «heimesnikra» filmar utan forsøk på å skjule trådane som ufoane hang i.

– Eg veit veldig godt kva eg vil ha. Det har ingenting med latskap eller skøytefølse å gjere, men eg vil ikkje ha ting for gjennomtenkte. Eg likar ikkje det polerte, og er utruleg streng på korleis trommeslagarane mine

## PEDRO CARMONA-ALVAREZ

■ Forfattar og musikar

■ Fødd i Chile i 1972

■ Forfattardebut med diktsamlinga *Helter* i 1997

■ Har seinare gjeve ut *La det bare bli blåmerker igjen*, *Clown Town* og *Prinsens gate*.

■ Har redigert antologiserien *Signaler* sidan 2003.

■ Medredaktør i tidsskriftet *Vagant*

■ Fekk Cappelenprisen i 2004 og Sultprisen og Den norske lyrikklubbens pris i 2005.

■ Er vokalist i popbandet Sister Sonny, som har gjeve ut fem album sidan 1994.

■ Har òg eit musikalsk soloprojekt, under namnet Moonpedro.